



- eit fyrstårn i vest

# Senterstruktur Øygarden kommune

Metodeskildring




Analysen er gjennomført ved hjelp av analyseverktøy i GIS-programvarene QGIS og GISLINE. I tillegg er det gjort kvalitative vurderingar ut frå kva analysene viser.

[WWW.OYGARDEN.KOMMUNE.NO](http://WWW.OYGARDEN.KOMMUNE.NO)

Analysen er gjennomført ved hjelp av kvalitative og kvantitative metodar. I dette dokumentet vil metodikken synleggjerast heilt enkelt. Sentralt i metodikken er kartlegging av eksisterande planar, og kunnskapsinnhenting av relevante datasett og kartgrunnlag frå kommunale data, sysselsettingstal og faktisk forhold i kommunen. GIS-programvaren QGIS vert nytta til romlege analysar og til visuell støtte for vurderingar.

Vidare følgjer ein overordna gjennomgang av metode, resultat, bruksområde og usikkerheitsmoment.



Figur 1: Døme på samanstilling av data til bruk inn i vurderinga av mogleg sentrumsstruktur. Utklipp frå QGIS prosjekt – Sentrumshieraki.

### Metode:

Under følgjer ei heilt enkel framstilling av framgangsmåten i metoden.

Lenke til [innsynsløysing for tilgang til kartlag og utvida informasjon.](#)

## 1 Kartlegge potensielle stader


Kartlegging av potensielle stader i senterstrukturen er gjort gjennom bruk av kjelder som intensjonsavtalen, kommuneplanane frå dei gamle kommunane og kjent kunnskap om strukturane i kommunen. Stadane som har vore del av vurderinga er vist i tabellen nedanfor.

	<b>Stad</b>
<b>Kommunesenter</b>	Straume
<b>Kommunedelsenter</b>	Rong, Skogsskiftet
<b>Andre</b>	Blomvåg, Bjorøy, Fjell, Hjelteryggen, Knappskog, Kolltveit, Klokkarvik, Møvika, Skålevik, Spildepollen, Stranda/Forland, Tjeldstø, Toftøy, Ulveset, Ågotnes


## 2 Utarbeide vekstsoner

For stadene kartlagt i punkt 1 vart det utarbeidd "vekstsoner". Vekstonene er definert ut frå 10 minutt sykkelavstand langs eksisterande infrastruktur frå eit naturleg midtpunkt. Eit naturleg midtpunkt kan t.d. vere målpunkt som torg, skule, kollektivhaldeplass m.m.

## VEKSTSONER



### 3 Oppsummering av verdier




I neste steg har vi oppsummert verdiar/skår innanfor kvar vekstsone. Verdiane er henta frå offentlege- og kommunale data.

Under er det vist eit døme på ei framstilling av korleis vi har kartlagt funksjonar innanfor ei vekstsone.

Stranda/Forland	JA/NEI	Kommentar
Arbeidsplassar	JA	Endeleg kartlegging vil syne tal arbeidsplassar.
Bustadpotensiale	JA	Om lag 270 einingar
Folketal innanfor sykkelavstand	JA	Om lag 1700
Offentleg infrastruktur	JA/NEI	Godt tilbod for sykkel og gange mot sør og aust. Manglande tilbod mot nord og vest.
Offentleg tilbod om kultur og fritid	JA	Basseng
Kollektivtilbod	NEI	Middels til låg frekvens
Service- og tenestetilbod	JA	Daglegvare, drivstoff og byggevare
Skule- og barnehage	JA	Barnehage, barneskule og ungdomsskule

#### 4 Senterstruktur

Basert på funna og vektinga i pkt. 3 får vi resultatet som vist under.



SENERSTRUKTUR	Stad
Kommunesenter	Straume
Kommunedelsenter	Rong, Skogsskiftet, Ågotnes
Lokalsenter	Fjell, Møvika, Spildepollen, Stranda/Forland, Tjeldstø, Toftøy

**Resultat og bruksområde:**

Resultatet av analysen som er skildra over viser ein mogleg senterstruktur i kommunen. Eit analyseresultat vil vidare kunna nyttast inn i eit arbeid med ein endeleg senterstruktur og vidare arbeid med arealstrategiar. Vurderingar og parameter i analysen påverkar resultatet, og resultatet vil alltid vere avhengig av kva data ein nyttar inn i analysen og korleis vektinga av data vert gjennomført.

**Usikkerheit:**

Andre avvegingar i metode og grunnlagsdata vil kunne gje andre resultat. Det kan vere feil og usikkerheit i datagrunnlaget for analysen. Feil i datagrunnlag kan gje feil i sluttresultatet.